



---

# KORLEIS BLIR VEST- TELEMARK.NO BRUKT?

---

Eit utdrag av statistikk frå Google Analytics



4. APRIL 2017

HILDE HAUGEN, DATASERVICE RJUKAN AS  
Telemark Næringshage

## Innleiing

Vest-Telemark.no skal erstattast av ei ny, enklare portalløysing. I dette dokumentet er det samla ein del statistikk om bruk av gamle Vest-Telemark.no ut frå data i Google Analytics.

Utvalet er basert på trafikk det siste året, 4. april 2016 til 4. april 2017.

## Innhold

Innleiing .....	1
Kva for sider er mest besøkt? .....	2
Nokre observasjonar .....	2
Vegen vidare .....	2
Kor kjem trafikken frå? .....	3
Organisk søk .....	3
Direkte .....	3
Tilvising (referral) .....	3
Sosial (social) .....	3
Oppsummering .....	3
Vegen vidare .....	3
Kor kjem brukarane frå? .....	4
Land .....	4
Område, Noreg .....	5
Oppsummering .....	5

## Kva for sider er mest besøkt?

Under følger ei opprømsing av dei mest besøkte sidene, og kor mange sidevisningar kvar av dei hadde det siste året. Til saman vart sidene vist 87 477 gonger.

Plassering	Side	Tal på visningar
1	Øyfjell sag og høvleri + undersider	12 791
2	Forsida vest-telemark.no	5 533
3	Øyfjell	5 063
4	Morgedal	3 434
5	JOBBS + Ledige jobbar	3 085
6	BU + undersider	2 050
7	Vest-Telemark PPT IKS	1 112
8	Vest-Telemark Næringsutvikling	1 015
9	Kart	958
10	ARRANGEMENT	729
11	OPPLEV	727
12	VandreTelemark	572
13	Lårdal	558
14	Vest-Telemarkkonferansen	549

## Nokre observasjonar


- Aktørsidene er mest besøkt
  - Spesielt sidene med jamleg oppdatering blir besøkt
- Folk er interesserte i å skaffe seg jobb
- Folk er interesserte i bygdene
- Under BU-fana:
  - Lårdal er mest populært
  - Sida om småbruk ligg ikkje langt etter

## Vegen vidare

- Aktørane skaffar seg nye løysingar og tek med seg trafikken dit
- Det er viktig å ta vare på bygdesidene og få med informasjonen som ligg på dagens sider

## Kor kjem trafikken frå?

### Beste kanaler



### Organisk søk

Den største delen av trafikken kjem frå søk i søkemotorane, til dømes Google eller Bing.

### Direkte

Direkte trafikk har truleg vore på sida før, og kjem inn direkte til nettadressa dei skriv inn i nettlesaren.

### Tilvising (*referral*)

Trafikk frå nokon som tilvisar brukarane til sida, altså ei lenke inn til ei side under vest-telemark.no-domenet.

### Sosial (*social*)

Trafikk frå sosiale medium, til dømes Facebook.

### Oppsummering

Dei fleste brukarane kjem frå søkemotorane. Vest-telemark.no er ein stor nettstad og vil derfor hamne høgt i søkeresultata viss brukaren søker etter innhald som finst her.


### Vegen vidare

Så lenge søkeord blir brukt bevisst i nytt innhald på nye løysingar for dei ulike aktørane, vil dei ta med seg trafikken «sin» dit. Ei ny løysing på vest-telemark.no må vise veg til innhaldet den relativt store delen av brukarane som går direkte inn på sida for å finne innhaldet dei er ute etter.

## Kor kjem brukarane frå?

Informasjon om plassering i Google Analytics er ikkje spesielt nøyaktig, men det gjev likevel ein peikepinn på kor brukarane er.

Til saman er 39 168 økter på sida gjennomført i løpet av det siste året. Ei økt vil si tida ein brukar er aktiv på nettstaden frå start til slutt.



### Land

Hovuddelen av brukarane er i Noreg.

Plassering	Land	Tal på økter	Del av alle besøk, %
1	Noreg	34 902	89,12
2	USA	1 119	2,86
3	Danmark	428	1,09
4	Sverige	377	0,96
5	Tyskland	319	0,81
6	Nederland	300	0,77
7	Storbritannia	173	0,44
8	Brazil	150	0,38
9	Canada	102	0,26
10	Polen	92	0,23

## Område, Noreg

Google Analytics presenterer statistikk ut frå byar eller område. Området med flest brukarar er Oslo, men Vinje er hakk i hell!

Plassering	Region	Tal på økter	Del av alle besøk, %
1	Oslo	6 039	15,82
2	Vinje	5 148	13,14
3	Ukjent	3 303	8,43
4	Skien	2 024	5,17
5	Seljord	1 550	3,96
6	Bø	1 031	2,63
7	Bergen	790	2,02
8	Trondheim	750	1,91
9	Vinje	696	1,78
10	Porsgrunn	648	1,65
11	Notodden	596	1,52
12	Stavanger	494	1,26
13	Tokke	471	1,20
14	Kristiansand	377	0,96
15	Arendal	365	0,93
16	Bærum	352	0,90
17	Kviteseid	338	0,86
18	Kragerø	287	0,73
19	Nissedal	283	0,72
20	Kongsberg	278	0,71

Mange av brukarane er frå Vest-Telemark, men samstundes ser ein at talet på brukarar nok har samanheng med folketalet i landet generelt – det er flest brukarar i folketette område.

## Oppsummering

Slik Vest-Telemark.no blir brukt i dag, er det aktørsidene som blir mest besøkt. Difor er det viktig at desse får seg nye nettløysingar før portalen blir lagt ned, som òg er plana. Sidene for jobb og bustad blir òg ein del brukt. Her finst det andre løysingar som vanskeleg let seg konkurrere med, slik som finn.no og nav.no. For opplevingar er det laga ein ny kalender, som no ligg på kvaskjer.vest-telemark.no.

Det meste av trafikken på sidene frå søkemotorane eller direkte besøk til aktuelle nettadresser. Hovudandelen av brukarane kjem frå Telemark og elles frå andre folketette område i Noreg.